

Plot Arkitekter AS

Detaljregulering Skarlia Hyttefelt

Merknadsvurdering

Plot Arkitekter AS
14.04.2020

1. Varsel om oppstart av planarbeid

Oppstart av planarbeidet blei kunngjort i Sunnmørsposten 22.02.2019 og frist for innspel blei satt til 22.03.19. Planprogram blei lagt ut til offentleg ettersyn 13.03.19 og frist for innspel blei satt til 23.04.19. Både planprogram og varsel om oppstart blei lagt ut på www.plot-arkitekter.no, og det blei sendt brev til naboar og aktuelle høyringsinstansar.

Etter varsel om oppstart har det kome inn 10 innspel frå offentlege instansar og organisasjonar, og 3 private innspel.

2. Vurdering av innspel - offentlege

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, brev datert 22.03.2019:

Natur- og miljøvern.

Fylkesmannen skriv at sidan det vert lagt opp til hytter lenger opp i terrenget enn det kommunedelplanen opnar for, må området verdi for allmene interesser og friluftsliv kartleggast og synleggjerast i konsekvensutredninga. Landskapsverknadene må også vurderast.

Samfunnstryggleik og klimatilpassing.

Fylkesmannen skriv at det må gjennomførast ein ROS-analyse for planområdet, og at område med fare-risiko og sårbarheit skal merkast av i kartet som omsynssone.

Vurdering.

Det er i dag registrert ein trase for skiløype i planområdet, og det finst ikkje landbruksinteresser i området. Den eksisterende traseen for skiløype skal leggast om slik at den blir iht. Kommunedelplanen for Hevsdalen. Plangrensa er lagt i formålsrensa for skiløypetrase i kommunedelplanen. Elles er det sett av plass til ny trase for skiløype på tvers av planområdet, samt område for etablering av skiheis. Bygging av vegar vil og gjere området tilgjengeleg for meir friluftsliv enn det er i dag.

Det er gjort ROS-analyse både for eksisterande og framtidig situasjon for planområdet.

Område med rasfare er markert med hensynssone i plankartet.

Mattilsynet, brev datert 22.02.2019:

Mattilsynet skriv at det må kartleggast om det fins privat vassforsyning/leidningsnett i området. Dei skriv at ein må undersøkje moglegheita for tilkopling til eksisterande vassforsyning framfor å etablere ny drikkevassforsyning.

Vurdering.

Vann og avløp tilknyttet offentlig anlegg i Hevsdalen ved å forlenge dagens anlegg som benytter hytter lenger nede.

Møre og Romsdal fylkeskommune, brev datert 06.03.2019:

Automatisk freda kulturminne.

Fylkeskommunen vurderer området til å ha eit visst potensial for funn av utmarkskulturminne. Fylkeskommunen ynskjer difor å gjere ei synfaring av området for å vurdere potensialet nærmare (eventuelt med ei påfølgande registrering).

Vurdering.

I forbindelse med oppstart av planarbeidet var arkeolog frå Møre og Romsdal fylkeskommune på befaring i området. Det blei ikkje funne automatisk freda kulturminne i området.

Noregs vassdrags- og energidirektorat, brev datert 21.03.2019:

NVE skriv at det i arbeidet med ROS-analyse må vurderast om tidlegare vurdering av skredfare dekker heile planområdet, om vurderinga gjeld for alle skredtypar, og om vurderinga konkluderer med tryggleik i samsvar med krava i byggtknisk forskrift.

Eventuelle fareområde må visast i planen som omsynssone, og ha tilhøyrande føresegnar.

I plandokumenta må det vere skildra kva vurderingar som er gjort, og gå tydeleg fram korleis omsyna er innarbeidd i planen. Det er viktig at alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde er vedlagt.

Vurdering.

NGI har gjort registreringar i planområdet i forbindelse med planarbeidet og definert faresoner for skred. Desse faresonene er markerte i plankartet med henynssoner. Det er tatt med i føresegnene til planen at det skal etablerast skredsikringstiltak før det blir gitt brukstillatelse til nye fritidsbustader i henynssonene. Desse sikringstiltaka skal og kontrollerast og godkjennast av NGI før det blir gitt brukstillatelse.

Statens vegvesen, brev datert 29.03.2019:

Vegvesenet skriv at det er stilt krav til at nytt kryss frå fv. 60 må vere opparbeida før områder knytta til krysset kan byggast ut, det same gjer seg gjeldande her og Vegvesenet forutsetter at det blir innarbeida eit slikt rekkefølgekrav i føresegnene.

Vurdering.

Det er tatt med i føresegnene til planen at det nye krysset til fv. 60 skal vere opparbeida før det kan bli gitt brukstillatelse til nye fritidsbustader i planområdet.

Næring og teknisk (Stranda kommune), brev datert 01.03.2019:

Brannsjefen i Stranda kommune ber om at «Retningslinjer for rednings og slokkemannskap i Stranda kommune» vert imøtekomen i reguleringsarbeidet.

Vurdering.

Retningslinjene frå brannvesenet i Stranda kommune er lagt til grunn i arbeidet med planen.

Eldrerådet (Stranda kommune), brev datert 20.03.2019:

Eldrerådet har ingen merknader.

Rådet for funksjonshemma (Stranda kommune), brev datert 20.03.2019:

Eldrerådet har ingen merknader.

Kystverket, brev datert 22.02.2019:

Kystverket har ingen merknader til varsel om oppstart av detaljregulering.

Direktoratet for mineralforvaltning, brev datert 22.02.2019:

DMF har ingen merknader til varsel om oppstart av detaljregulering.

3. Vurdering av innspel – private

Svein Skudal Aase, brev datert 22.03.2019:

Aase skriv at han ønsker variert bebyggelse av type hytter (eventuelt balnding av mindre og større hytter). Han ønsker at ein skal unngå at det blir ei fortetting av område (ref. Stranda Fjellgrend). Videre ønsker han at ein skal opne opp soner i området til sosialt bruk.

Vurdering.

Innspela til Skudal Aase er vidareformidla til tiltakshaver.

Aud Overvoll, brev datert 10.04.2019:

Overvoll skriv at tomta deira (G/Bnr 45/47) grensar til grøntareal. Ho ber om at ein vidarefører grøntarealet i planforslaget.

Vurdering.

G/Bnr. grenser ikkje til eit grøntareal.

Tom Ivar Sætrmyr, brev datert 22.03.2019:

Sætrmyr viser til vegen som er skissert i kartet som fulgte varsel om oppstart. Sætrmyr ber om at vegen inn mot svingen (ved hans eigedom G/bnr 45/45) ikkje blir heva slik at hans utkjørsel blir brattare eller vanskelegare enn slik den er i dag. Vidare ber han om at dreneringsforholda ikkje blir negativt påverka. Han ønsker at utbygger tek direkte kontakt med han når utbygginga skal detaljplanleggast.

Vurdering.

Innspela til Sætrmyr er vidareformidla til tiltakshaver.